

---

Saksnr: 2020/79159-1  
Saksbehandlar: Marianne Ose Askvik

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		17.02.2021

## Kulturelt utviklingsprogram KUP. Retningslinjer og programområde

Forslag til vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjer og programområda for Kulturelt utviklingsprogram (KUP) slik dei vert omtala i saksframlegget.

Samandrag

Frå 2010-2019 støtta Hordaland fylkeskommune det frivillige og profesjonelle kulturlivet med utviklingsmidlar gjennom Kulturelt utviklingsprogram (KUP). I 2020 vart tilskotsordninga vidareført i Vestland fylkeskommune. KUP har vist seg å fungere som eit verkemiddel for større satsingar i kulturlivet i Vestland, og vidare til å støtte nyskapande og målretta prosjekt initierte av kulturlivet sjølv. Det er sett av 7 200 000 kroner til ordninga i 2021.

Fylkesdirektør ser det som at KUP fungerer godt etter føremålet med dei retningslinene den har hatt i 2020. I denne saka vert det likevel lagt fram forslag til noko reviderte retningslinjer for ordninga. Revideringa gjeld i hovudsak språkleg art og endring av eit programområde.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

Ronny Bjørnar Skaar  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg: Retningslinjer og programområde Kulturelt utviklingsprogram

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR, er styrande for kulturpolitikken i Vestland. Vestland fylkeskommune vil fremje eit sterkt, mangfaldig frivillig og profesjonelt kulturliv. Eit viktig verkemiddel for å nå måla i dei regionale planane er tilskotsmidlar til kulturfeltet.

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok retningslinjer for Kulturelt utviklingsprogram (KUP) 19.05.20. Det var 7 200 000 kroner under budsjettposten til KUP i 2020.

Søknader 2020

Tal på søknadar: 44

Tal på søknader som fekk tilskot: 25

Samla søknadssum: 16 458 688 kroner

Samla løyving for innstilling: 7 200 000 kroner

Det var fagleg og kunstnarleg breidde i dei tilrådde løyvingane, og dei fleste sjangrar / felt innan kulturlivet var representerte. Alle løyvde prosjekt oppfylla viktige kultursatsingar i Vestland fylkeskommune.

Fylkesdirektør ser at KUP fungerer godt etter føremålet med dei retningslinjene den har hatt i 2020. Der har likevel vore nokre utfordringar og problemstillingar som bør forsøkast løysast gjennom noko justering og revidering av retningslinjene og programområda.

Elles er det eit jamleg arbeid med å justere og forbetre informasjonen som ligg på nettsidene og tilskotsordningar. Dette er også ein del av fokuset på Klart språk.

Det vanskelegaste i handsaminga av søknadane i KUP har vore knytt til støtte til kunstproduksjon og det er difor gjort nokre revideringar for å betre kunne vurdere dette og gje søkjarane betre informasjon om kva ein prioriterer.

Endring i programområda

Søknadar som åleine gjeld støtte til kunstproduksjon og produksjonsutvikling er ikkje optimalt i forhold til innretting og føremålet med ordninga. Det regionale ansvaret gjeld kulturoppgåver og kunst som har verdi for heile fylket eller større delar av det. Det kan vere vanskeleg å vurdere det enkelte kunstprosjekt sin regionale verdi i forkant. Programområde C: Kunstløft - kunstnarleg nyskaping er difor teke bort som eit eiga punkt. Noko av innhaldet i programområde C er likevel føreslått gjeldande i KUP då dette no er innlemma i programområde B. Slik programområda er formulerte no er det ikkje høve for det profesjonelle kunstlivet til å verte tilrådd midlar til søknader som åleine gjeld støtte til kunstproduksjon. Det har og vore få søknadar til kunstproduksjon i KUP.

Fylkeskommunen har eit særleg infrastrukturelt ansvar, og kan stille seg spørsmålet om ein i ei slik ordning i det heile skal vere tett på enkeltkunstnarar. Fylkesdirektør meiner at fylkeskommunen bør ta eit visst ansvar for at det kan vere mogleg å leve som kunstnar og oppleve profesjonell kunst også utanfor dei større byane, og vere med på å stimulere dette.

Når det gjeld formidling av kunst i fylket kan denne ordninga vere god, men når det gjeld produksjonsfasen er ikkje ordninga innretta på rett måte for å vurdere dette. Då er det i størst grad den kunstnarlege verdien som må vurderast. Slik det no er sett opp er verken kriteriesettet, sakshandsamarar eller politikarar velegna til dette. Det er også vanskeleg å justere det til å verte ei god innretting utan å gjere om heile ordninga og systemet - noko som då kunne gjere ordninga ueigna for andre typar søkjarar.

Politiske organ er ikkje dei rette for å skulle vurdere kva kunstnarlege enkeltprosjekt som skal få støtte eller ikkje. Det bør vere armlengds avstand og fagfellevurdering / fagkomitear involvert i kunstnarlege vurderingar. Dette er også vanskeleg å få til då det er mange typar søknader som kjem inn.

Kunststipenda har fått noko auke i budsjettet for 2021, og den ordninga er godt innretta for vurderinga av kunstnarleg verdi med fagkomitear som innstiller på stipend. For å støtte

kunstproduksjon bør Vestland fylkeskommune m.a. vurdere å styrke stipend som verkemiddel. Fylkesdirektøren vil kome attende med dette i samband med ny regional plan for kultur.

Fylkesdirektøren har difor vurdert det riktig at ein reviderer retningslinene for KUP slik at det no vert tydelegare kommunisert ut til potensielle søkjarar at den regionale verdien må vere høg og at ein ikkje kan løyve midlar til kunstproduksjon (gjeld alle sjangrar) i denne ordninga.

Informasjon og retningsliner for 2020 ligg her: <https://www.vestlandfylke.no/kultur/kunst--og-kulturutvikling/kulturelt-utviklingsprogram/>. Framlegg til reviderte retningsliner ligg som vedlegg til denne saka.

Revideringa avsnitt for avsnitt:

- Føremål med ordninga:  
Fyrste setning er revidert, andre setning er teke bort.
- Kven kan søkje  
Ingen endring
- Kva kan ein få støtte til?  
Fyrste avsnitt: Fyrste setning er revidert, andre setning er teke bort.  
Fjerde avsnitt: Heile avsnittet er fjerna og vert på nettsida erstatta med ei lenkje med informasjon om tidlegare tildelte KUP-prosjekt. I den informasjonen vil det kome fram at det i 2020 vart løyvd mellom 100 000 og 900 000 kroner til KUP-prosjekt.
- Det vert ikkje gitt støtte til:  
Ingen endring anna enn at avsnittet er flytta lengre opp
- Om regional verdi  
Overskrift endra frå «Omgrepsavklaring» til «Om regional verdi»
- Krav til søkjar  
Språkleg endring
- Programområde  
Dei to fyrste avsnitta er fjerna.  
Programområde A:  
Mykje informasjon har vore gjentatt fleire gonger og det er her i hovudsak ei språkleg revisjon av programområdet  
Programområde B:  
Mykje informasjon har vore gjentatt fleire gonger og det er her i hovudsak ei språkleg revisjon av programområdet. Siste kulepunkt er overført frå programområde C.  
Programområde C:  
Dette programområde er fjerna, med unntak av punktet som er overført til programområde B.
- Vurdering  
I oppramsinga av vurderingskriteria er det gjort tre endringar som har ikkje har praktisk effekt og er meint å gjere denne oppramsinga språkleg klårare og betre.
- Krav til søknaden  
Her er avsnittet skrivne om då det var fleire overflødige setningar som allereie var nemnt i andre avsnitt og andre som heller bør stå på nettsida.
- Sakshandsaming og vedtak  
Fyrste og tredje avsnitt er teke bort
- Statusrapportering og oppfølging i prosjektperioden  
Tredje avsnitt er fjerna. Fjerde avsnitt: med unntak av fyrste setning er resten av avsnittet teke bort.

Det vil på nettsida om ordninga informerast om kva ein sluttrapport skal innehalde. Det skal i tillegg opprettast eit skjema for rapportering i prosjektperioden som vil vere tilgjengeleg på nettsida.  
Sjette avsnitt er også fjerna.

- Klage  
Ingen endring

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

#### **Økonomi:**

Tildelingar vil vere i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Vestland fylkeskommune, og dette gjeld ei vedteke tilskotsordning som ligg i budsjett.

#### **Klima:**

Ikkje relevant her.

#### **Folkehelse:**

Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa

#### **Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål.

Konklusjon

7 200 000 kroner er sett av til Kulturelt utviklingsprogram (KUP) i 2021 og fylkesdirektør rår til vedlagte revisjon av retningsliner og programområde.